



12 tonn elefantar på Rabben i kveld

Cirkus Arnardo er utruleg nok inne i sin 62. sesong og Arild Arnardo er ikkje snauare enn å hevda at årets program er det beste han nokon gang har sett saman. Det er nok å overdriva litt, til dømes vil vi meine at fjorårsprogrammet var hakket betre.



[Klovnane var gode også denne gongen.](#)

Men programmet som vart servert på Rabben i kveld var av vanleg Arnardo-kvalitet og det seier ikkje så lite. Sirkuset innfrir forventningane kvar gong og vi har framleis til gode å oppleva nokon klår nedtur.



Gummimannen er eit anatomisk mysterium

Sirkuset har i år kanskje ikkje dei heilt store, spektakulære høgdepunkta, men det er imponerende allsidig. Eller sagt på ein annan måte: Det er eit framifrå, triveleg familiesirkus.

Nokre ledige plassar var det, men Uskedalen befesta sin posisjon som ein svært populær spelestad for Arnardo. Og hugs at det er plass til 1.500 i teltet!

Høgdepunktet og det bokstaveleg tala tyngste innslaget var nok det med dei tre elefantane Baby, Mala og Jumba. Ein kan godt forstå at 21-åringen Elvis Errani allereie har vunne fleire internasjonale sirkusprisar.

Men også gummimannen ArazHamzayez frå Azerbaijan var imponerende og må vera eit anatomisk mysterium. Gribben Kyra som er 45 år gamal og har eit vingspenn på 3 meter er på si side eit zoologisk fenomen og inngikk i ein utruleg imponerende fugleflokk som ein skulle tru det var omogeleg å halda styr på. Men Krenzola junior klarte det med glans. Gribben vart forresten synt fram i Cirkus Arnardo allereie i 1967.

Arnardo er kjent for å ha gode klovnar og trioen The Balders innfridde også denne gongen – ikkje minst hos den yngre generasjon. Skal ein først kritisere noko denne gongen måtte det vera at det var ein vel stor dose med balansekunst.

Men også dei som utøvde den var prega av høg kvalitet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Balansekunstnarar var det fleire av denne gongen – her er Reinaldo Monteiro.